



Statsforvaltaren i Vestland
Fagforum Inn på tunet Vestland

Velkommen til Nytt frå Inn på tunet!

Nr 1/2023

Innhald:

- **Framtidsretta Inn på tunet-initiativ i Kvinnherad kommune**
- **Ny forsking viser nytteverdi av Inn på tunet for elevar**
- **Tilbydarnettverket Fagforum Inn på tunet Vestland er oppretta**

I dette infobrevet får politikarar, tilsette innan oppvekst, helse, omsorg og arbeid, regionale koordinatorar, forskarar, brukarar, tilbydarar og andre interesserte vita meir om Inn på tunet og det som rører seg, lokalt og nasjonalt.

Det er flott om du framsnakkar infobrevet for andre. Alle interesserte kan melda seg på ved å senda e-post til ragna.flote@statsforvaltaren.no

Dersom du ikkje lenger ynskjer å motta infobrevet kan du melda deg av via felt nedst på sida.



Framtidsretta Inn på tunet-initiativ i Kvinnherad

Kvinnherad kommune inviterte til informasjonsmøte om Inn på tunet i mars. Responsen var stor, både frå gardbrukarar og representantar frå aktuelle kjøparar av Inn på tunet-tjenester i kommune, NAV og helseføretak.

Ragna Flotve frå Statsforvaltaren i Vestland informerte om ulike sider av Inn på tunet; godkjenningssordninga, HMS, kvalitet i tilbodet og Inn på tunet-skulen.

Over 30 menneske møtte opp, og det kom gode spørsmål og innspel.
Det blir ein nytt møte før sommaren, der aktuelle tilbydarar og kjøparar fortset dialogen.

Me heiar på slike initiativ! Her er det ein kommune som ser verdien av førebyggande tiltak og som ser ut til å møta framtidige utfordringar på ein offensiv måte.

Dersom andre kommunar vurderer liknande initiativ stiller me frå Statsforvaltaren i Vestland gjerne opp.



Ny forsking viser nytteverdi av Inn på tunet for elevar

Ny norsk forsking viser at opplæring på gard gjev gode resultat. Elevane får kunnskap og erfaringar, som dei kan ta med seg attende til klassefellesskapet, samfunnet og arbeidslivet.

Forskningsinstituttet NORCE har, i det nyleg avslutta forskingsprosjektet *Tilpasset opplæring på gård for elever på ungdomstrinnet*, undersøkt korleis Inn på tunet-gardar kan nyttast for denne typen tilpassa opplæring.

Studien har, mellom anna, funne ut at tilpassa opplæring på gard gjev elevane:

- ein annan måte å læra på
- tettare relasjonar med vaksne og andre elevar på garden og på skulen
- erfaring med å meistra varierte og viktige oppgåver
- ein unik mogelegheit til å ta i bruk det dei lærer gjennom nye praktiske oppgåver, som fører til dybdelæring
- kunnskap og erfaringar, som dei kan ta med i klassefellesskapet, samfunnet og arbeidslivet

[Du kan lesa meir om prosjektet og rapporten på Statsforvalteren i Nordland si nettside.](#)



Inn på tunet-tibydarar i Vestland får felles nettverk

Tilbydarnettverket Fagforum Inn på tunet Vestland vart oppretta i mars i år. No kan aktive og komande tilbydarar frå heile fylket få nytte og glede av kvarandre, og få oppdatering på ulike faglege- og bedriftsmessige område.

I dette brevet kan du lesa meir om kva tilbydarnettverket kan innehalda.

Statsforvaltaren i Vestland har sett av ressursar til Inn på tunet-arbeid, og vil bidra med tilrettelegging av kurs, utsending av dette infobrevet og koplingar, og arbeida vidare med synleggjering av kva Inn på tunet kan bidra med for kommunar, helseføretak, NAV og andre kjøpargrupper.

Om du ønskjer å bli kontakta for medlemsskap, og ikkje står på listene over godkjende Inn på tunet-gardar, kan me formidla kontakt.

Fagforum si Facebookside er oppretta. Her forventar me mykje god informasjon frå heile fylket. Registrer deg som følgjar.



Me ynskjer deg gode maidagar med Halldis Moren Vesaas sitt vakre dikt:

Ord over grind

Du går fram til mi inste grind
og eg går òg fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Aldri trenge seg lenger fram,
var lova som gjaldt oss to.
Anten vi møttest titt eller sjeldan
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt på at der bur du.

Så lenge eg veit du vil kome iblant
som no over knastrande grus
og smile glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.



Statsforvaltaren i Vestland - Pb 7310, 5020 Bergen, Norge

[Meld deg av](#)

Levert av Make